



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.
200900615-110

Vår ref.
24/1416 - 8

Dato
27.11.2024

Høyringsinnspel frå Luster kommune - utsett byggjefrist Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk

Hydro har over lang tid arbeidd med Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk. Luster kommune har følgd utviklinga av prosjekta med positiv interesse. Kommunen er positiv til å utvikle meir kraftproduksjon i kommunen innanfor forsvarlege rammer for natur og friluftsliv.

Luster kommune syner til høyringssaka som dreier seg om at Hydro no har søkt om utsette fristar i gjeldande konsesjon for Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk. Konsesjonen går ut i april neste år. Hydro har søkt om 5 års utsette fristar for byggjestart og idriftsetjing for begge kraftverka.

Luster kommune støttar at Hydro får utsette fristar for både Illvatn pumpekraftverk og Øyane kraftverk, og kommunen meiner at dette er hensiktsmessig, sjølv om Hydro har ambisjon om å starte opp Illvatn-prosjektet våren 2025. Vi synder då til ulik risiko som Hydro må forhalde seg til i eit prosjekt med høg grad av kompleksitet, der mellom anna anleggsdrifta skal gjennomførast høgt til fjells. Vi har difor forståing for at Hydro ønskjer å sikre seg moglegheit for å kunne bygge ut Illvatn pumpekraftverk innanfor konsesjonen som er gjeven og at Hydro må unngå å komme i ein situasjon der oppstart av arbeidet ikkje let seg gjere innan fristen i april neste år. Når det gjeld Øyane kraftverk er vi kjende med at Hydro no gjennomgår prosjektet og at utsette fristar er ein føresetnad for gjennomføring.

Kommunen er elles kjent med at Hydro tok prinsipiell investeringavgjersle for Illvatn prosjektet i september i år, med konsesjon gjeve av NVE seint november 2024. Det er bra at konsesjon er gjeve, men no skal detaljplanar handsamast. Kommunen oppfordrar NVE til å halde fram med å bidra med naudsynte vedtak i tide slik at oppstart av bygginga kan skje i april 2025 og prosjektoppstarten ikkje forsinkast. Vi syner i samband med dette til kommunen si høyringsuttale av 26. april 2024 til Hydro sine søknadar om endra kraftverkskonsesjon der kommunen har uttrykt at

«Den overordna haldninga til Luster kommune er at dei føreslegne endringane kan støttast av Luster kommune, og at konsesjon bør gjevast.» Vi uttalte også at «Luster kommune har tidlegare kome med høyringsuttalar, og våre tidlegare synspunkt om viktigheit av lokal verdiskaping både i utbyggings- og driftsfasen står seg.»

Postadresse	Telefon	Kontonr.	E-post
Luster kommune	+ 47 57 68 55 00	3785 07 00142	postmottak@luster.kommune.no
Postboks 77		Org.nr.	Heimeside
6866 Gaupne		964 968 241	http://www.luster.kommune.no

Kommunen oppfordrar difor NVE til at NVE bidreg til at søknadar om detaljplanar vert handsama i tide slik at Hydro kan starte opp Illvatn-prosjektet i 2025 som planlagt og unngår utsett prosjektoppstart. Ein oppstart i tråd med planen vil bidra positivt med meir kraftproduksjon i Luster kommune og legge til rette for auka lokal verdiskaping dei neste åra.

Med helsing

Andreas Wollnick Wiese
ordfører

Jarle Skartun
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift.

Kopi til
Statsforvaltaren i
Vestland
Vestland
Fylkeskommune

Njøsavegen 2

Postboks 7900

6863 Leikanger

5020 Bergen